

## ROS vurdering ifm IKT investeringer 2024

Har teke utgangspunkt i konsekvens-tabell foreslått nytta i Helse Vest i samband med innføring av ROS verktøy i Synergi:

Område	Liv og helse	Ytre miljø	Økonomi	Omdømme	Drift
<b>Beskriving av område</b>	Tap av liv eller annan konsekvens for helse.	Utslipp til vann, luft eller jord. Øydelegging av natur og vegetasjon. Støy eller vibrasjoner.	Økonomiske og finansielle tap, tap av inntekt eller upårekna kostnader.	Skada omdømme, renommé og tillit.	Redusert drift. Evne til å oppretthalde normal funksjon på tenester overfor brukarane.
<b>Svært alvorleg/kritisk</b>	Tap av liv. Varig funksjonstap eller liding.	Katastrofale/uopprettelege øydeleggingar av miljøet.	Svært store økonomiske tap. Vil ha kritiske konsekvensar for evna til å gjennomføre drift.	Omfattande omtale i nasjonale/internasjonale medium. Svært alvorlege konsekvensar for føretak, styre og leiing. Langvarig reduksjon i tillit til helsehjelpa.	Store delar av drifta er sett ut av spill og for en lengre periode med svært alvorlege følgjer.
<b>Alvorleg</b>	Akutt eller langvarig helseskade eller belastning med alvorlege følgjer.	Omfattande og langvarig miljøskade.	Større økonomiske tap. Kan ha konsekvensar for evna til å gjennomføre drift på eit forsvarleg nivå.	Omtale i lokale/nasjonale medium. Alvorlege konsekvensar for føretak, styre og leiing. Reduksjon i tillit til helsehjelpa.	Langtidseffektar for verksemda. Reduserte moglegheiter til å yte lovpålagde helsetenester med alvorlege følgjer.
<b>Moderat</b>	Uheldige belastningar eller skadar på personer.	Omfattande og langvarig miljøskade.	Moderate økonomiske tap. Kan ha konsekvensar for evna til å gjennomføre drift på eit forsvarleg nivå på delar av verksemda.	Kort omtale i media. Moderate konsekvensar for føretak, styre eller leiing.	Betydeleg dårlegare kvalitet på delar av tenesta.
<b>Låg</b>	Lettare, forbigåande helseskadar eller plager.	Mindre materielle skader. Eit mindre utslepp. Skadar ikkje naturen.	Låge økonomiske tap. På kort sikt vil det ikkje ha konsekvensar for evna til å gjennomføre drift på eit forsvarleg nivå.	Ingen omtale i media. Berre interne konsekvensar for føretak, styre eller leiing.	Dårlegare kvalitet på delar av tenesta. Kan føre til skadar dersom det ikkje finst eit reservesystem.
<b>Ubetydeleg</b>	Ingen råka personer. Ingen påviste skadar.	Ingen skade på omgjevnadane.	Ubetydelege økonomiske tap. Ingen betyding for evna til gjennomføre drift.	Ingen tap av omdømme. Inga oppslag i media.	Får ikkje betyding for verksemda. Påverkar ikkje evna til å yte tenesta, men noko "plunder og heft". Ikkje behov for reservesystem.

<b>IKT 2024</b>	
Infrastruktur/utstyrstype	Sum
Kabling: Innandørs dekning naudnett - Utbygging	1 000 000
Kabling til WLAN: Heissjakter i Svanabygget	300 000
IKT-utstyr: Nye selvbetjeningsautomater Alle møter	150 000
IKT-utstyr: Nye skjermer til AMK	50 000
Buffer 2024	2 100 000

Det er uklart kva dei 2 investeringane knytt til infrastruktur vil koste, sidan vi ikkje har motteke tilbod p.t.

#### **Kabling: Innandørs dekning naudnett – Utbygging**

- Vi har hatt fleire avvikssaker som gjeld manglande dekning på naudnett inne i sjukehuset. Kan t.d. medføre at traumealarmer ikkje kjem fram og kritisk personell ikkje blir varsla.
- 5 - Svært alvorleg/kritisk: Tap av liv. Varig funksjonstap eller liding.

#### **Kabling til WLAN: Heissjakter i Svanabygget**

- Fleire tilsette begynner no å nytte mobiltelefonar i det kliniske arbeidet, og det vil vere fleire som blir råka av manglande wifi dekning i heisane. Konsekvensen er at ulike typar meldingar ikkje kjem fram til mobiltelefonen når tilsette er i heisane.
- 3 Moderat - Betydeleg dårlegare kvalitet på delar av tenesta. Uheldige belastingar eller skadar på personer.

#### **IKT-utstyr: Nye selvbetjeningsautomater Alle møter**

- Alle møter seier at automatane må vi ha, det er en del av et utskiftingsløp som er initiert av prosjektet, Imatis kjem og fjernar dei gamle, dei supporteras ikkje framover og er utdaterte.
- 3 Moderat - Betydeleg dårlegare kvalitet på delar av tenesta.

#### **IKT-utstyr: Nye skjermer til AMK**

- AMK operatørane treng ein ekstra ultrawide skjerm i samband med innføring av nye AMK løysingar. Konsekvensen er at dei må nytte berre ein skjerm.
- 2 Låg - Dårlegare kvalitet på delar av tenesta. Kan føre til skadar dersom det ikkje finst eit reservesystem.